

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 23.03.2023

### Sakliste

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- POLITISK VURDERING AV INITIATIV PLANENDRING. AMMONIAKKANLEGG SKIPAVIKA NÆRINGS-PARK
- PRINSIPPAVKLARING FOR KOSTNADAR KNYTT TIL KOMMUNAL OVERTAKING AV PRIVATE VASSVERK
- SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I VESTLAND (SAPT VESTLAND) SAMARBEIDSAVTALE
- BUSETJING AV FLYKTNINGAR 2023
- GODKJENNING AV MØTEBOK

### Stad og tid

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.10:00. Sakstifanget ligg til gjennomsyn i innbyggarservice, og på nettsida til Gulen kommune: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) Nye saker kan kome til.

### Orientering

Initiativtakarane til mogleg etablering av Ammoniakkanlegg Skipavika Næringspark vil halde ei orientering i møtet.

Møtet er ope for publikum. Møtet kan også følgast digitalt. Følg med på kommunen si heimeside for utlagt link til møtet. Alle er velkomne. Hallvard Oppedal, Ordførar

## Kulturmidlar 2023

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar.

Søknadsfrist er 31. mars 2023.

Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og eit for kulturmidlar for born og unge. Ein finn søknadsskjema på [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) under fana Kultur og aktivitet og vidare under tilskotsordningar. Der ligg det to skjema under Kulturmidlar, bruk riktig skjema for målgruppa/tiltaket.

## Ammoniakkanlegg Skipavika Næringspark

Det pågår for tida eit arbeid for å vurdere om det er mogleg å etablere eit ammoniakkanlegg i Skipavika Næringspark. Reguleringsplanen som gjeld i dag opnar ikkje for å ha aktivitet på området som kjem inn under Storulykkeforskrifta. Reguleringsplanen må i så fall endrast. Gulen kommune er beden om å gje ei uttale til om det er interessant å starte ein reguleringsplanprosess for å etablere eit slikt anlegg i næringsparken. Dette kjem opp som eiga sak i kommunestyremøte den 23.03. Då vert spørsmål om førehandsuttale på om det er motsegn til oppstart av planarbeidet vurdert. Initiativtakar vil halde ei orientering.

## Eigedomsskatt 2023, skattelistene er utlagt ut til offentlig ettersyn

I samsvar med eigedomsskattelova § 14 og 15 og § 6-2 i Gulen kommune sine vedtekter for eigedomsskatt, er lista over utskreven eigedomsskatt for 2022 lagt ut til offentlig ettersyn i 3 veker.

I tillegg til at lista ligg ute på kommunen si nettside, frå 28.02.2023, er den også tilgjengeleg i papirformat ved Innbyggarservice på kommunehuset i Eivindvik.

Eigar eller rekningsmottakar kan klage på taksten som er lagt til grunn for eigedomsskatten. Dette fylgjer av eigedomsskattelova § 19. Eventuell klage må sendast til Gulen kommune innan 6 veker frå utlegginga (12.04.2023). Klage kan sendast til:

Gulen kommune, Eigedomsskattekontoret  
Eivindvikvegen 1119  
5966 Eivindvik

E-post: [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

## Planprogram for kommunedelplan oppvekst og kultur i Gulen kommune



Gulen kommune, ved Formannskapet, har vedteke å leggje framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst og kultur ut til offentleg høyring og ettersyn.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §11-1 og § 11-13.

Frist for innspel vert 6 veker frå utlegging. Du kan lese Planprogramm – kommuneplan for oppvekst og kultur på nettsida til kommunen.

### Merknader til planen

Kommunen ber om at eventuelle merknader til Planprogrammet vert merka med «Merknad Planprogram for kommunedelplan oppvekst og kultur 2023 – 2026».

Merknader sendast innan 21.mars 2023 til Gulen kommune:

E-post: [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

Post:

Gulen kommune  
Eivindvikvegen 1119  
5966 Eivindvik

**Bua Gulen** ved Dalsøyra Samfunnshus har ope torsdag 17.00-18.30.

Gå inn på [www.bua.io](http://www.bua.io) og registrer deg som brukar. Er du under 18 år må ein føresett registrere deg som medlånar.

Sjå kva vi har: Søk på Bua Gulen Utlånsordningar og klikk på finn utstyr.

Ta kontakt på mobil 90 10 41 39 om det er spørsmål.

## Motorferdsel i utmark

### Innleiing

Gulen kommune har gått gjennom vedtak og retningsliner for motorferdsel i utmark. Med heimel i lov og forskrift har kommunen fått vedtaksmynde til å dispensere frå det generelle forbodet om motorferdsel i utmark ved spesielle høve. Vi presiserer for ordens skuld at kommunen ikkje kan innskrenke grunneigar sin adgang til å forby eller begrense motorferdsel på sin eigedom. I tidlegare sakshandsaming har kommunen hatt ein føresetnad om at søker har hatt denne dialogen med grunneigar.

Vi har funne at det er behov for å gjere retningslinene meir synlege. For å få ei forsvarleg sakshandsaming er det òg nødvendig å sette frist for tidsrommet frå søknad til aktuell handling finn stad. Det er dei retningslinene som blir skildra under som vil bli nytta ved handsaming av framtidige søknadar.

### Lovheimlar

Motorferdsel i utmark vert i hovudsak regulert av følgjande regelverk: Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Til regelverket er det av Miljøverndepartementet utarbeidd retningsliner i rundskriv MD-T-1/96. All køyring i utmark må skje i samsvar med gjeldande lover og reglar. Innanfor gjeldande lov og forskrift kan kommunen gje dispensasjonar for køyring. I utgangspunktet er all motorferdsel i utmark forbode. Dette gjeld motorbåt, helikopter, småfly eller motorkøyretøy som snøskuter, ATV, traktor, bil, motorsykel eller el-sykel.

Bruk av motorkøyretøy som ikkje er heimla direkte i lova, den nasjonale forskrifta eller lokal forskrift, krev dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen kan gje løyve til nyttekøyring på visse vilkår. Gulen kommune har ikkje lokal forskrift på dette området.

### Skriftleg søknadsskjema

Dei fleste søknadane Gulen kommune får inn gjeld landing med helikopter. Døma under vil difor vere knytt til dette. Lova ramsar opp nytteformål der bruk av luftfartøy er lovleg. Det gjeld:

- Politi-, rednings- og oppsynstjenester
- Offentleg post- og teletjenester

- Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg.

Har du særlege grunnar kan du søkje kommunen om løyve til landing og start med lufttartøy til andre formål. Søkjaren må dokumentera ein særleg trong som ikkje kan dekkjast på anna måte, og som ikkje er knytt til turkøyring.

Gulen kommune kan gje løyve i samsvar med lov eller forskrift når særlege grunnar ligg føre.

Søknaden skal:

- vere skriftleg, og
- Innehalda namn på søkjaren,
- Skildre type køyretøy,
- Angi køyrestrekning eller område og omfanget (tal turar eller landingar) og
- Oppgi firma som utfører transporten
- Formål med transporten

Søknad skal sendast i god tid før ein har trong før løyvet. Dvs. minimum 3 veker.

Desse vedlegga skal følgje søknaden:

- Kart i målestokk 1 : 50 000 med innteikna køyrerute og landingsplassar.
- Legeattest, ved søknad om transport av person med varig funksjonshemming.
- Skriftleg løyve frå grunneigar.

Søkjaren må sjølv syta for å få løyve frå grunneigar, dersom (køyreruta eller) landingsplass ligg på nokon annan sin eigedom. Grunneigar er suveren til å nekta eller avgrensa motorisert ferdsle på sin eigedom som ikkje er heimla direkte i lova. T.d. redningsteneste, motorferdsle frå politi eller annan offentlig oppsynsteneste.

### Handsaming av søknaden

Søknad som er mangelfull eller manglar vedlegg vert ikkje handsama før søkjaren har supplert med naudsynt dokumentasjon.

Svar på søknaden skal som hovudregel, etter at søknaden vart registrert hjå postmottak i Gulen kommune, vera gjeve innan 3 veker ved delegerte saker.

Løyve vert utferda til søkjar, den som skal ha oppdraget utført, med kopi til grunneigar.

### Vilkår for løyvet

- Løyvet skal vera med under transporten, og skal visast fram på forlangande av politi og oppsyn.
- Føraren skal føra logg for kvar tur før turen startar
- Køyringa må avgrensast til eit minimum og må skje i samsvar med lov og forskrift. Persontransport kan berre skje i samsvar med lov og forskrift. Føraren skal visa omsyn til naturen, dyrelivet, eventuell busetnad og andre personar i området.
- Det er søkjar sitt ansvar å innhente løyve frå grunneigar i høve landing eller slepp av utstyr.
- Dersom løyvet vert misbrukt i høve gjeldande lov og forskrift, kan løyvet verta inndrege.

Gulen kommune, saman med samarbeidande kommunar, arbeider med å få på plass søknadsskjema som kan fyllast ut på nett.

### Informasjon frå Gulen idrettsråd

Gulen idrettsråd ønsker å hjelpe til med å støtte dei laga som har medlemmer som har vanskar med å betale medlemskontingenten. Dei som ønsker å vere medlem i eit lag, kan enten ta kontakt med ein av oss, eller så kan lag ta kontakt på vegne av dei. Dette for at det er mange som slit økonomisk for tida. Og alle trenger å kjenne at ein er inkludert sjølv om ein har det litt stramt ein periode. Det er ikkje behov for å legge fram dokumentasjon på at ein har det vanskeleg. Ta kontakt, enten med **Tanja Østerbø** på telefon 979 75 032 eller **Monica Rongved** på telefon 992 31 514.

Gulen idrettsråd



Organisasjonsledd i  
NORGES  
IDRETTSFORBUND



## Takk

Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette få takke fagforbundet i regi av Solfrid Oppedal for arrangementet som vart arrangert i nov-22 på sjukeheimen og desember -22 på Ebo. Dette var til stor glede for både bebuarar og ansatte. Tusen takk.

Venleg helsing ansatte og bebuarar ved GS og Ebo v/einingsleiar Nina Haveland

Gulen sjukeheim vil med dette takke for den trivelege juletreffesten Ytre Gulen Sanitetslag stelte i stand på nyåret, for alle bebuarane våre. Likeeins vil Eivindvik bu- og omsorgssenter takke Nordgulfjorden sanitetslag for ei tilsvarande triveleg feststund. Tusen takk alle saman!


Venleg helsing ansatte og bebuarar ved GS og Ebo v/einingsleiar Nina Haveland

Langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke hjarteleg for minnegåva etter Leif Nyhammer og Tjostolv Gjersvoll. Pengegåvene vil bli nytta til glede for avdelinga. Hjarteleg takk.

Venleg helsing ansatte og bebuarar på aktuell avdeling v/nestleiar/avd.spl. Sissel Kvame.

Dementavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke hjarteleg for minnegåva etter Einar Austgulen. Pengegåva vil bli nytta til glede for avdelinga. Hjarteleg takk.

Venleg helsing ansatte og bebuarar på aktuell avdeling v/ avd.spl. Brita Eidnes



## Styrketrening for seniorar - oppstart mars 2023



Styrketrening ved Helsebanken (Gamle banken i Eivindvik) starta opp tysdag 14.03.2023. Dette er eit aktivitetsskapande tiltak for seniorar gjennom "Leve hele livet".

Regelmessig fysisk aktivitet førebyggjer plagar og er ei viktig kjelde for god helse, livskvalitet og overskot i kvardagen. Aktivitet gjev positiv gevinst gjennom heile livet, og det er aldri for seint å begynne. Sjølv små grep i kvardagen kan ha stor betydning, all aktivitet tel.

Styrketrening bidreg til å bremse det aldersbestemte tapet av muskelmasse og styrke. Styrketrening er også positivt for skjelettet, då det kan redusere risikoen for beinskjørheit og reduserer risikoen for skader etter fall.

### Tid og stad for trening

Ei frivillig seniorgruppe i Eivindvik regionen tar no initiativ til å starte styrketrening tysdagar kl 10.30-11.30 i mars, april og mai.

Stad: Helsebanken (Gamle banken i Eivindvik)

Frå tysdag 14.03.23 er det 1 times økt med styrketrening for seniorar over 65 år som bur heime.

Dette er eit gratis tilbod og det er ingen påmelding. Det vil blir ei sosial samling ved møteplassen etter trening for dei som ynskjer det.

Vi håpar å sjå deg der 😊

Har du spørsmål ta kontakt med:  
Miek Norman 41 61 09 72  
Randi Wergeland 95 12 99 03  
Kristin K Rasch 90 10 41 39

## Kontaktsenteret i Kommunal Rapport



I siste utgåve av Kommunal Rapport (nr 6 i 2023) er det sett fokus på samarbeid og digitalisering knytt til innbyggardialog. I den forbindelse har dei skrivne ein artikkel om korleis Gulen, Samnanger og Osterøy arbeidar saman i prosjektet; Kontaktsenteret. Ved å bruke dei moglegheitene digitaliseringa har gjeve oss, er det utvikla eit godt system for å svare telefonane for kvarandre. Samla sett mottok kontaktsenteret 80 –120 telefonar per dag.

Kontaktsenteret starta opp i september 2021 med Gulen og Samnanger som pilot kommunar, og i mars 2022 kom Osterøy med. I midten av april kjem også Aurland kommune med i kontaktsenteret, noko vi gler oss til.

Gjennom kontaktsenteret har dei tilsette fått styrka kompetanse, større fagleg fellesskap og kommunane har fått meir merksemd på innbyggardialog. Kontaktsenteret har gitt gode resultat og frå fyrste dag har talet ubesvarte anrop blitt kraftig redusert.

Mona Mekki som er leiar for kommunikasjon og service i Vaksdal kommune var prosjektleiar for felles kontaktsenter fram til det vart fast ordning hausten 2022. Ho seier til Kommunal rapport at dei tilsette har fått ein betre arbeidssituasjon, ein har redusert sårbarheita og fått auka samarbeid mellom kommunane. Standardisering, større profesjonalitet og betre tenester er nokre av gevinstane.

Alle samtaleane som kjem inn til kommunane vert logga slik at ein kan følgje med på kva spørsmåla dreiar seg om. Statistikkane og informasjonen som kommunane får frå

logginga er viktig for vidare utvikling av våre tenester totalt sett. Statistikken viser mellom anna at svargraden har auka vesentleg for alle kommunane. - Nokre saksområde har mange henvendingar. Her må vi jobbe for å sjå om vi kan gjere noko med dette, i samarbeid med sakshandsamarane. Kan vi for eksempel gjere noko med informasjonen som ligger på nettsidene våre? spør Mekki.

Kommunedirektør i Gulen, Reidun Halland, har uttalt til Kommunal rapport at ho har veldig god erfaring med felles kontaktsenter, og at det har blitt jobba godt for å bygge opp eit godt og profesjonelt tilbod til beste for innbyggjarane. - Målet er at meir av publikum sine behov blir løyst i kontakt med fyrstelinja. Då blir publikum fornøgd, og i tillegg skjermar vi sakshandsamaren meir, slik at oppgåveløysinga blir raskare og betre. - Sett med «beredskapsbrillene» på er vi betre rusta til å kunne handtere informasjonsbehovet i ein krisesituasjon. Ved behov har organiseringa stor kapasitetsmessig fleksibilitet, seier Halland.

Det er også spennande at fleire kommunar rundt om i landet ynskjer å vite meir om kontaktsenteret, og prosessane som kontaktsenterkommunane har vore igjennom for å få dei gode resultatane vi har i dag.

Vi gler oss til vidare utvikling for å gje best mogleg tilbod til innbyggjarane våre.



Bilete frå felles samling på Osterøy.

<https://www.kommunal-rapport.no>

## Ukrainske flyktningar i Gulen

Vi har nyleg passert 1-års dagen for krigen i Ukraina. Krigen pågår fortsatt, og mange millionar menneske har måtte flytte frå heimlandet sitt. Krigen drep menneske, øydelegg heimar, byar og infrastruktur, og truer med å ta frå ukrainarane både friheit og sjølvstendighet. Det var ikkje dette vi forventa i Europa no.

I 2022 vart nærare 40 000 flyktningar busett i norske kommunar, og kommunane er bedd om å busette 35 000 nye i -23.

Det er kommunestyra som bestemmer kor mange kommunen skal ta mot, og IMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) som fordeler. Gulen kommunestyre vedtok å ta mot 30 flyktningar i -22.

Pr. 31.12.22 hadde Gulen busett 42 flyktningar frå Ukraina. 27 var fordelt frå IMDI, 12 kom på eige initiativ eller som familiegjenforening, og 1 vart fødd i Gulen.

IMDI har anmoda Gulen om å ta mot 30 nye flyktningar i 2023. Kommunestyret skal ta stilling til dette i møtet 23. mars.

Myndighetene har bestemt at ukrainske flyktningar som søker om asyl/beskyttelse, får innvilga kollektiv beskyttelse. Denne er tidsbegrensa, og gjeld for eit år om gangen, i inntil tre år. Ein kan då bli busett i ein kommune, har rett på helsehjelp, rett til å jobbe, barn har rett til barnehageplass og skulegang.

Vaksne har rett til å følgje introduksjonsprogram som blant anna omfattar opplæring i norsk. I tillegg skal ein ha språk-/ arbeidspraksis, to dagar i veka. Mange er utplassert i bedrifter rundt i kommunen, men vi treng fleire plasser. Dette er ein fin måte for bedriftene å vere med og hjelpe. Bedriftene får ikkje økonomisk støtte til slike praksisplassar, men betaler heller ikkje løn.

Vaksne som deltek i introduksjonsprogrammet, får ei månadleg godtgjersle frå kommunen. Denne skal dekke vanlege utgifter som vi alle har, slik som som husleige, straum, internett, SFO, tannlege, eigenandelar for helsetenester, livsopphald osv.

Målet med introduksjonsprogrammet er å gje deltakarane grunnleggande ferdigheiter i

norsk, innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til raskt å komme seg ut i arbeid eller vidare utdanning. Varigheita av introduksjonsprogrammet varierer med tidlegare utdanning og kvalifikasjonar, kva mål som er sett, og dels individuelle skilnader i å tileigne seg språkkunnskapar.

Nokre har alt fått jobb. Desse deltek ikkje i introduksjonsprogrammet, men har rett til norskopplæring.

Norsksenteret er tilknytt Eivindvik barnehage og skule. Om lag halvparten av flyktningane er busett i Eivindvik, resterande i Byrknes skulekrins og langs FV 57 frå Rutledal til Dalsøyra.

Ut frå kor mange nye flyktningar kommunestyret vedtek å ta mot i år, vil vi trenge fleire bustader og praksisplassar. Ta kontakt med flyktningtenesta i kommunen dersom nokon har bustad å leige ut, eller har språk-/ arbeidspraksisplass.

Språk og arbeid er grunnleggande for god integrering. Men inkludering i lokalsamfunna er også viktig. Vi må ikkje vere redde for å bli kjent med nye menneske. Integrering handlar om inkludering i fellesskapet, og om aksept og respekt for andre og det som er annleis. Hels, eller slå av ein prat - sjølv om språket er mangelfullt, forstår alle eit smil og ei utstrakt hand.





## Pårørende til personar med demens



Aldring og Helse er ei nasjonal kompetanseteneste som arbeider med aldersrelaterte tilstandar og sjukdommar. Eit av fagområda deira er demens. Dersom ein av dine næraste får ein demenssjukdom vil livet endre seg. Då er det viktig å ikkje vere redd for å be om hjelp. Med tidleg hjelp og tilrettelegging kan livet

verte enklare både for pårørende og personen med demens. Det er viktig å hugse på å ta vare på seg sjølv og sine egne behov oppi det heile også. Inne på nettsidene til aldring og helse kan ein sjå små videosnuttar om «hjelp til pårørende», samt finne ulike informasjon og verktøy som kan hjelpe ein å meistre kvardagen med demens.

<https://www.aldringoghelse.no/demens/paeroende/>

Har du spørsmål om demens?

**23 12 00 40**  
**Demenslinjen**

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:

Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84

og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Hjelpemiddel på utlån?



Har du eit hjelpemiddel på utlån som du ikkje trenger lengre? Det er kome nye ergoterapeut i Gulen kommune og det er behov for å oppdatere opplysingar om utlån av hjelpemiddel. Har du eit

hjelpemiddel som er på kortidsutlån eller frå Hjelpemiddelsentralen som du/dine næraste ikkje har levert tilbake eller du/dine næraste ikkje trenger lengre?

Ta kontakt med ergoterapeut

Kristine S. Fivelsdal

Tlf. 45 32 28 20, Epost:

[kristine.s.fivelsdal@gulen.kommune.no](mailto:kristine.s.fivelsdal@gulen.kommune.no)

For meir informasjon sjå nettsida til Gulen kommune, under heimetenestar-hjelpemiddel.

## Nytt frå Egedomsforvaltning

Ny ambulans- og brannstasjon på Dalsøyra er no tatt i bruk, og alle er fornøgd med det endelege resultatet.



Leikeplassen på Ortneset er ferdigstilt med gjerde og port.



Elles pågår opparbeiding av Ortneset bustadfelt for fullt. Dette arbeidet skal vere ferdig i løp av våren 2023.



I februar vart det utført eit større vedlikehaldsarbeid ved Eivindvik vassverk, sånn at vi kan glede oss over stabil vassleveranse også i åra som kjem. Kommunen har mange vedlikehaldsprosjekt gjennom det komande året, mellom anna skal Gulen sjukeheim få om lag 80 nye vindauge samt nytt tak på 1972-fløyen.

## Infoposten 2023

Det vert fire utgåver av Infoposten i år.

Første utgåve er dette marsbladet. Dei neste utgåvene kjem i mai, september og november. Møte og saklista i kommunestyret vert kunngjort på nettsida til kommunen og annonse i lokalavis.

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023



# VAL

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 er **måndag 11. september.**

Informasjon om valet kjem i maiutgåva av Infoposten. Sjå også nettsida til Gulen kommune.

## Møteplan politiske møte i Gulen kommune 2023

Oversikten under viser planlagde politisk møte i 2023.

Innkalling vert sendt ut ei veke i forkant av møte, innkalling og sakspapir er tilgjengeleg i møtekalenderen på nettsida til kommunen.

Møte i utval utan fast oppsett møtedato i møteplanen kjem i tillegg.

| Utval                                      | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug. | Sept. | Okt. | Nov. | Des. |
|--|------|------|------|-------|-----|------|------|------|-------|------|------|------|
| Eldrerådet                                 |      |      | 7    |       | 30  |      |      |      |       |      | 14   |      |
| Formannskapet                              | 26   |      | 15   | 27    |     | 8    |      | 17   |       | 31   | 21   |      |
| Hovudutvalet for omsorg                    | 17   |      | 7    | 18    | 30  |      |      | 22   | 21    |      | 14   |      |
| Hovudutvalet for oppvekst                  | 17   |      | 7    | 18    | 30  |      |      | 22   | 21    |      | 14   |      |
| Hovudutval for plan, utvikling og klima    | 17   |      | 7    | 18    |     |      |      | 22   | 21    |      | 14   |      |
| Kommunestyret                              |      | 16   | 23   |       | 11  | 22   |      | 31   |       | 19   |      | 7    |
| Kontrollutvalet                            |      | 17   |      | 21    |     | 2    |      |      | 15    |      | 10   |      |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne |      |      | 7    |       | 30  |      |      |      |       |      | 14   |      |
| Ungdomsrådet                               |      |      | 7    |       | 30  |      |      |      |       |      | 14   |      |
| Valstyret                                  |      | 16   |      |       | 11  |      |      |      | 12    |      |      |      |
| Politikardag budsjett                      |      |      |      |       |     |      |      |      |       | 31   |      |      |



Gulen og Masfjorden barnevernteneste  
Med barn i fokus

## Kontaktinformasjon for barneverntenesta i Gulen og Masfjorden.

- Jane Hesjedal, einingsleiar, tlf. 57 78 20 61 mobil: 45 33 04 73
- Kristin Midtgård, kontaktperson, tlf. 95 03 85 27
- Ann Helen Engesæter, kontaktperson, tlf. 94 81 96 97
- Kristian Lillestøl, kontaktperson, tlf. 40 91 34 84
- Emilie Tyborgnes, kontaktperson, tlf. 94 50 67 95
- Beate Hjartholm Solheim, kontormedarbeidar, tlf. 45 37 44 07

**Kva skjer i Gulen?**

På nettsida til Gulen kommune har kommunen ein **aktivitetskalender**.

Den er open for alle for å legge inn informasjon om aktivitetar, arrangement, møte ol. som skjer i kommunen, og vi håpa at du kan hjelpe oss med å halde den oppdatert.